

## **Reduksjon eller fritak for skatt**

### **Generelt**

Som hovudregel skal alle betale den skatten som er fastsett. I visse tilfelle kan du søke om å få utsette betalinga, få skatten redusert eller sleppe å betale skatt.

### **Målgruppe**

Skattepliktige som ikkje er istand til å betale heile eller delar av den skatten dei skylder.

### **Vilkår**

Du kan få utsetting med innbetaling av skatte -og avgiftskrav hvis du er midlertidig ute av stand til å betale skatten. Årsaker kan vere dødsfall eller alvorleg sjukdom. Skattekravet kan setjast ned eller fråfalle dersom betalingsevna di er varig svekka.

### **Veiledning**

Ein søknad skal innehalde følgande opplysningar:

- Namn
- Stilling
- Sivilstand
- Inntekt eigen og evt. ektefelle/sambuar dei to siste åra
- Antall barn ein førsørgar

- Opplysningar om skatten er fastsett ved skjønn eller sjølvmelding
- Kva for krav ein ønskjar ettergjeve
- Opplysningar om evt. sjukdom
- Oppgåve over faste utgifter
- Grunngeving for søknaden

Alle opplysningane skal vere dokumentert.

### **Sakshandsaming**

Skatteutvalet avgjer søknader inntil kr 200 000. I saker som gjeld beløp over dette, treff Skattekontoret avgjersle. Skatteoppkrevjaren kan avgjere søknader om ettergeving/nedsettjing av forsinkingsrenter inntil kr 50 000.

### **Klage**

Det er ikkje mogleg å klage over vedtak som er gjort av skatteutvalet. På avgjersler gjort av skatteoppkrevjar eller skattekontoret, kan du klage til overordna myndighet etter reglane i forvaltningslova.

Du kan søke på nytt dersom du meiner at saka ikke har vore tilstrekkelig opplyst eller at situasjonen din har endra seg.